

# Tradisjonen tru

Onsdag 29. desember var det klart for den årlege NIL-festen. Plakatane har fortalt oss at dette ville bli ein Happy NIL Hour.

ALFRED NILSEN

Når ein skal på NIL-fest, er det bare å finne fram klede som passar og førebu seg på ein lang kveld på Grendahuset i Norddal. Dette året kunne ein merke at folketalet har sunke, men the show must go on. Det starta med god mat, så kaffi og så var dei igang med programmet. Temaet var The Happy End. Bjørn Relling hadde skrivne eit dikt om alle dei moglegheitene ein kunne finne her, og med alvor og skjemt godt vevd saman. Solgunn Kleiva var telefon dame for hovudkontoret til The Happy End og dreiv den vanlege telefonterroren som oss vanlege kan oppleve når vi ringer til eit kontor som set oss vidare og vidare.

## Å bruke seg sjølve

Neste sketsj var ei fornøyeleg sak der Solgunn Kleiva song den triste songen om ein som trist sit og ventar. Det var Bjørn Relling som hadde flytta til byen. Men der kjem salsrepresentanten for The Happy End inn – Inge Relling – med produkt frå den same sjappa. Og det triste tilværet blei brått omgjort til ei skinande stund med duk, julemat, juleøl, saft, syltetøy og var det nokre

julekakar også? Så redninga for alle bortskremde sjeler var: The Happy End. Og fram kom ramma som stadfesta det.

## Oppskåke


Ikkje mange NIL-festar er utan eit innslag om den tradisjonsrike brygginga i bygda og slik var det denne gongen også. Morosamt iscenesett av tre mus som rava rundt i bygda nattetider og hadde det gøy i alle dei kjellarane som finst i bygda.

## Gode idear

Fleiping med The happy End og alle dei gode ideane som skulle settast ut i livet. Hallvard Engeset var reisande i ei mobil tenkehette som aula gode idear. Berit Sperre herleg utkledd som ein reisande var på evig leiting etter ein avløyssar som kunne passe katten medan ho skulle til Paris. Å ta i bruk ei gammal mjølkemaskin for å sikre denne fantastiske rasen av menneske som lever her inne. Ein genbank var etablert. Stønn.

## Mykje god tekst

Det var songar og stev på løpande band med tekstar som verkeleg var gode. Og alle dei



Inge Relling – salsrepresentant for The Happy End – på besøk i byen med produkt som sette Bjørn Relling i julestemning.


som har levd ei stund hadde ikkje problem med å forstå samanblandinga. Ein aldrande komite hadde gjort jobben sin og NIL halde tradisjonen. Dette var

andre gongen det var skjenking på Grendahuset, men ein kunne fortsatt smake tradisjonsrikt brygg i mobile pubar. Etter programmet vart salen rydda

og Six Thin Legs kunne sette i gang dansen som varte ut i dei små timar.




Ein fornøyd komite er ferdig med programmet.



Tre mus på vandring rundt i kjellarane og smakar på brygg.



Ein opningsong frå komiteen og publikum kjem i stemning.



Berit Sperre på utkik etter ein avløyssar.